

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 07. sept. 2009



Sageveke. Velledalen i Balanse (ViB) har bestemt at veke 14. –19 september skal vere aksjonsveke mot attgroing i Velledalen. Då vil vi aller helst høyre ein jamn dur av motorsager så lenge det er dagslys. Alle som eig eigen skog gjer sjølvsagt som dei vil denne veka, men tanken er at grunneigarar melder frå om dei treng hjelp med hogsten, medan personar utan skog som kan tenkje seg å delta gjer det same. Delinga av veden vert ei sak mellom skogeigaren og hogstmannen. Meininga er at veka vert avslutta med eit felles, gratis måltid i grendahuset laurdag 19. september klokka 16.00.

ViB set pris på om skog som hindrar utsikt vert prioritert i fyrste omgang. Nokre har alt meldt seg, men vi treng fleire: meld deg på til: atlehole@online.no (e-post) eller 70 25 07 49.

Joker-overskot. Vi har ikkje fretta mykje frå butikkstyret siste tida. Men for nokre dagar kom ei melding om den økonomiske stoda for fyrste halvår 2009. Vi kan roe alle tvilarar; butikken går med overskot, om enn mindre enn fyrste halvår 2008.

Trimnytt. Frå trimgruppa i VIL har vi fått fylgjande melding, signert Nils Terje Skylstad

- Vil berre varsle trimmarane om at no må måla for årets sesong snart vere nådd. Bøkene blir skifta i veke 41 (5.-11.okt). Med litt planlegging kan ein unngå å bli ståande på t.d 98 eller 99 turar. Eller bli slått av kona/mannen/naboen med èin tur. Idrettsmerkeprøver vil bli arrangert så snart vêret blir høveleg. Nokre hadde vel sett det som ein fordel at vi tok 60 meteren no, med sterk kuling i ryggen

Barnehagebeising. Den nye Velledalen Naturbarnehage er tenkt beisa på dugnad. Vêret må sjølvsagt bli lageleg fyrst, men styreleiar Lidvar Nilsen vert glad om nokon kontaktar han og fortel at dei er racarar på beising. Til fleire som melder seg til raskare går arbeidet.

Oreigning. Kommunen har ikkje kome til semje med grunneigarane om grunn til lysløype på Fjellsætra. No har kommunestyret bestemt at naudsynt grunn skal oreignast.

22 ekstradyr. I morgon (10.sept) vaknar du kanskje av ein smell i grålysninga. Men ta det heilt med ro. Det er dagen då startskotet for hjortejakta vert avfyrt. Ei jakt der Velledalen storvald har fått 22 ekstradyr (11 hodyr og 11 kalvar). Totalt kan det skytast 414 dyr i Sykkylven i 2009 under jakta som er i tidsrommet 10 september-23.desember. I fjor anda 303 dyr ut under hjortejakta.

Lokal vekstkraft. 25.-26 september vert ViB representert på nettverkssamling/konferanse på Åndalsnes, der alle bygdemobiliseringsprosjekta i møre og Romsdal vert samla. Konferansen den 26. septeber er open for alle

- Få med dykk så mange eldsjeler som råd, heiter det i innkallinga frå Eivind Ryste Vartdal

Tour de Sykkylven vert arrangert 26. september i regi av Sykkylven sykkelklubb og Velledalen IL. Løypa er på 57 kilometer, har 17 etappar og start/ mål på Dalemyra. Stafetten er ei vidareføring av Ramstaddalsløpet.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.